



Til Galla eller døy

Nytt hefte av misjonær Haktor Thorsen

Kretssekretær Jakob Hånes skriver:

”Spennande hefte om banebrytande arbeid før dei norske misjonærane kom til Etiopia. Misjonær Haktor Thorsen har skreve heftet ”Til Galla eller døy”. Dette er framstillinga om korleis dørene vart opna inn til gallafolket, eller oromo som dei kallar seg i dag. Thorsen fortel om undersøkingar som svenske misjonærar tok til med i 1866 og korleis dei i kamp med, varme, naturen og lidingar helsemessig — arbeidde for å nå inn til det folkerike gallafolket. Dei ga seg sjølve mottoet: ”Til Galla eller døy”! Og det levde dei etter. **Eg hadde stor glede av å lese dette heftet. Her var det mykje som eg ikkje visste.**

Dei svenske misjonærane gjorde eit banebrytande arbeid som norsk misjon fekk stor nytte av i oppstartinga av eit arbeid som er blitt kalla ”eventyret i norsk misjon”. Thorsens hefte er lett å lese og kan gjerne leggjast i hendene på ungdom. Heftet er trykt på oppfordring av Jørgen Høgetveit etter at han hadde høyrte Thorsen halde eit foredrag om dette temaet.

”Til Galla eller døy” kan bestillast på telefon 37 93 10 53, e-post akf-evje@online.no

Det er gjeve ut av AKF/Krossen Media, og prisen er kr 45,- pluss porto.”

Forord til Galla eller døy

”For mange år sidan hadde misjonær Haktor Thorsen ei møteveke på Hornnes Bedehus. Ein kveld nytta han høvet til å tala om emnet ”Til Galla eller døy”. Det var eit foredrag som brende seg fast, og eg trenga på at eg ikkje hadde opptakar med og fekk festa det til tapen.

Eg gløynde det ikkje, og så kom tanken at Thorsen kunne ha talen i manuskript. Eg ringde han og han svarta imøtekomande, og etter nokre veker fekk eg denne verdifulle forteljinga om korleis evangeliet kom til Galla (oromofolket) i Vest-Etiopia.

Det som gjer denne framstillinga særleg verdfull, er at Thorsen i tillegg til å ha vore misjonær i mange år i Etiopia og i posisjonar som ga god informasjon (sjå s. 8) - så er han og på innsida av det svenske banebrytande misjonsmiljøet og dei leiande i Fosterlandsstiftelsen i.o.m. at han er gift med dottera til dr. Fride Hylander. Det var frå dette miljøet kampen for å nå Galla med evangeliet starta, og som vert skildra her. Det heile sprang ut av vekkinga kring Rosenius.

Innhaldet i dette heftet er henta frå svensk og norsk misjonslitteratur, og då serskilt: Fride Hylander m.fl.: Bortom Bergen I -III, Nils Hylander: Ørkenrøster og Ivan Hellstrøm: Bland faror og nød i Kunama.

Nok ei viktig årsak til å gje ut heftet no, er at nye generasjonar skal sjå kva tidlegare generasjonar var viljuge til å ofre for at deira medmenneskje ikkje skulle gå evig fortapt. Mot det var deira eigne lidingar små — endå so harde dei var.

AKF/Krossen Media er difor særst glad for å kunne gje ut dette heftet om eit av dei banebrytande misjonsframstøyt i Skandinavisk misjonshistorie og som har bore så rike frukter.

Oktober 2007

Jørgen Høgetveit
sekretær AKF ”